




Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hedda Vik Askeland, 5557 2055

Høyring av søknad om løyve etter forureiningslova for tiltak i sjø – Utbetring av farleia i Langøysundet i Askvoll kommune - Høyringsfrist 16. mars 2026

Bue Salmon AS planlegg mudring i sjø, og søker om løyve etter forureiningslova for delar av anleggsarbeidet. Anleggsarbeidet omfattar mudring over eit areal på 31 575 m² og eit volum på 93 743 m³. Formålet er å utbetre farleia i Langøysundet slik at brønnfartøy av relevant storleik kan kome til på Bue Salmon sitt anlegg i Gjørøy i Askvoll kommune. Fig. 1 viser planlagt område for utbetring av farleia.



Figur 1: Situasjonsplan for mudrings- og undervasssprengingsområdet i Langøysundet. Hentet frå «Søknad om dispensasjon for utbetring av farlei i Bulandet – Askvoll kommune».

Det skal etablerast ei rett (bein) farlei med 40 meter breidde på kote -8, inn til ein snusirkel inne i vågen med ein radius på 70-75 m på same djup. Inne i vågen blir det gjennomført mudring på delar av området til kote -7. Tiltaket gjelder reine sprengte steinmassar som vil bli gravd opp på lekter og transportert bort frå tiltaksområdet til godkjent lokasjon.



I området er det førekomstar av sukkertare. Nær tiltaksområdet ligg det område med skjelsand som kan bli påverka av boreslam og partiklar frå anleggsarbeidet. Bulandet ligg innanfor registrert gyteområde for kysstorsk, og området er eit økologisk funksjonsområdet for marine arter og sjøfuglarter.

Mudring og lasting av utsprengd stein skal gjennomførast så skånsomt som mogleg for å redusere partikkelspreiing og ta omsyn til lokalbefolkninga, fugl og fisk. For å avbøte eventuelle støyplagar skal den minst støyande aktiviteten leggjast til natt.

Tiltaket er planlagt gjennomført i perioden 1. august til 31. desember 2026. Prosjektet er vurdert til å vare i 3 månader.

Ber om eventuelle uttaler innan 16. mars 2026

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagt søknad innan 16. mars 2026. Uttaler kan sendes til fmvpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2019/7622.

Søknaden og Statsforvalterens brev i saks vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Søknad om løyve
Kartlegging av marint naturmangfold ved Langøysund

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Askvoll kommune			
Sør- Norges Fiskarlag			
Kystverket			



Høringsradaren
Bergens Sjøfartsmuseum